

Notat

Går til:
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 07.06.2007
Frå: **Herlof Nilssen**
Sakshandsamar: **Hans K. Stenby**
Saka gjeld: **Oppfølging av regional kreftplan - mandat for tre arbeidsgrupper**

Styresak 058/07 O

Administrerende direktør si orientering pkt. 1

Styremøte 27.06. 2007

Bakgrunn

Det blir her vist til oppslag i media og spørsmål frå styremedlem Ellen Solheim vedrørende funksjonsfordeling innan kreftbehandling. Saka gjeld ei oppfølging av regional kreftplan som blei vedteke av styret 15.03.05, jf sak 30/05. Det gis her ei nærare orientering om saka.

Kommentarar

1. Styret sitt vedtak

Regional kreftplan ble vedtatt av styret for Helse Vest RHF 15.03.05, jf sak 30/05 B. Styret vedtok planen med den funksjonsfordelinga mellom sjukehusa som gjekk fram av planutkastet. På tre områder var det behov for ei nærare avklaring. Styret fatta her følgjande vedtak: (jf pkt 3 i styrevedtaket)

Funksjonsdelinga på desse områda skal avklarast i samarbeid med fagmiljøa, og leggjast fram som eiga styresak i 2005 :

- Kirurgi på små volum i det øvre mage- og tarmområdet (til dømes kreft i lever og bukspyttkjertel)
- Hodgkins lymfom (kreft i lymfeknutane)
- Indikasjon og arbeidsdeling ved radikale inngrep med kurativt føremål i prostata og urinblæra

Av ulike grunnar blei arbeidsgruppene først nedsett i 2006.

2. Mandat for gruppene

Det blei nedsett tre arbeidsgrupper på dei tre områda som fekk eit felles mandat. Mandatet var som følgjer:

Med utgangspunkt i regional kreftplan og de føringar som der er gitt skal arbeidsgruppa utarbeide forslag til funksjonsfordeling innan: NN

Arbeidsgruppa skal her under:

- kartlegge dagens kapasitet og funksjons- og oppgåvedeling innanfor NN både når det gjelder diagnostikk og behandling
- vurdere utvikling i antal krefttilfelle på dette området
- vurdere korleis utviklinga innan medisinsk diagnostikk, behandling vil innverke på praksis på dette området
- fremme et konkret forslag til funksjonsfordeling i regionen når det gjelder behandling inkludert samarbeid mellom sjukehus
- vise korleis forslaget kan gjennomførast og gjere greie for eventuelle kostnader

4. Samansetting av arbeidsgruppene:

Alle arbeidsgruppene blei sett saman med ein representant for kvart av helseføretaka. Representanten frå Helse Bergen blei bedt om å leia gruppa.

Arbeidsgruppene hadde følgjande medlemmer:

Kirurgi på små volum:	Jon Arne Søreide, Helse Stavanger HF Arne Christian Mohn, Helse Fonna HF Asgaut Viste, Helse Bergen HF Nils Sletteskog, Helse Førde HF
Hodgkins lymfom:	Peter Meyer, Helse Stavanger HF Sigbjørn Berentsen, Helse Fonna HF Øystein Fluge, Helse Bergen HF Geirfinn Vagstad, Helse Førde HF
Urologi:	Per Øgreid, Helse Stavanger HF Arve Gustavsen, Helse Fonna HF Jens Høstmark, Helse Bergen HF Geir Øverland, Helse Førde HF

5. Status for arbeidet

Alle arbeidsgruppene leverte sine rapportar i 2006. I dei to arbeidsgruppene som såg på funksjonsfordeling innan høvesvis kirurgi i øvre mage- og tarmområdet og Hodgkins lymfom var dei einige om dagens funksjonsfordeling bør oppretthaldast.

I gruppa som såg på funksjonsfordeling innan urologi (indikasjon og arbeidsdeling ved radikale inngrep med kurativt føremål i prostata og urinblæra) var det ueinigheit mellom medlemmene i gruppa.

Denne gruppa blei bedt om ta ein runde til med sikte på å koma fram til einigheit eventuelt at dei ulike synspunkt blei klart skissert.

Det ligg no føre innstilling frå denne gruppa også og dei er framleis ueinige. Ueinigheita gjeld operasjonar på urinblæra (cystektomi), dvs om dette bør gå føre seg både ved Stavanger universitetssjukehus og Haukeland universitetssjukehus eller bare på Haukeland.

6. Vidare behandling

Administrerende direktør vil leggja fram eiga sak om funksjonsfordeling på desse områda for styret i tråd med tidligare styrevedtak.